



Stranda kommune

Møteprotokoll for FAST UTVAL FOR PLANSAKER

Møtedato: 29.06.2026
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: Kl 15:00 - 15:40

Leiar for møtet var : Steinar Aanning

Medlemmer:	Parti
Inger Helen Abelsen	AP
Gro Anita Sve	FRP
Gro Anita Rjånes	H
Hans Roar Emdal	SP
Liv Norunn Langeland Runde	SP
Steinar Aanning	UAVH

Møtande varamedlemmer:	Parti
Øystein Berge	

Fråverande medlemmer:	Parti
Joachim Bjørstad Langlo	H

Andre:
Einar Lied
Synnøve Lindset

Anna:
Orientering status elvestien - Ingvar Emdal presenerte historikken og gjennomføringa

Stranda kommune 30.06.2026

Sakliste

Sak nr	Sakstittel	
040/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	
041/26	Terje Berge - Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan for Blaadalen - Strandafjellet - Oppføring av garasje	
042/26	Peder og Hanne Ryste - Ny behandling av søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel - Plankrav for endra plassering av fritidsbustad	
043/26	Camilla Uhlin Husebekk - Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan Ottogrenda hytteområde - Storleik garasje, takvinkel uthus og storleik terrasse	
044/26	Roalden hytteområde AS - Dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen - Ny tilkomstveg v/Hjellhaugmarka	
045/26	Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv - Søknad om dispensasjon frå LNF-formål i kommuneplanen - Toalettbygg på Vesterås	
046/26	Godkjenning av møteprotokoll	

040/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Innkalling vert godkjent
2. Saklista vert godkjent slik ho ligg føre

29.06.2026: FAST UTVAL FOR PLANSAKER

Møtebehandling

Vedtak samrøystes

PLA - 040/26 Vedtak:

1. Innkalling vert godkjent
2. Saklista vert godkjent slik ho ligg føre

041/26 Terje Berge - Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan for Blaadalen - Strandafjellet - Oppføring av garasje

Kommunedirektøren si tilråding

Stranda kommune gir dispensasjon frå friluftsførmål og vegførmål i reguleringsplan for Blaadalen – Strandafjellet, for oppføring av garasje i samsvar med søknad på eigedom Gbnr. 53/297 i «Veg 1153» 33.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2.

29.06.2026: FAST UTVAL FOR PLANSAKER

Møtebehandling

Øystein Berge erklært inhabil i saka

Vedtak samrøystes

PLA - 041/26 Vedtak:

Stranda kommune gir dispensasjon frå friluftsførmål og vegførmål i reguleringsplan for Blaadalen – Strandafjellet, for oppføring av garasje i samsvar med søknad på eigedom Gbnr. 53/297 i «Veg 1153» 33.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2.

042/26 Peder og Hanne Ryste - Ny behandling av søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel - Plankrav for endra plassering av fritidsbustad

Kommunedirektøren si tilråding:

Stranda kommune gir dispensasjon frå plankravet i føresegn til kommuneplanen sin arealdel pkt. 2.3, for flytting av fritidsbustad og garasje på festepunkt Gbnr. 52/1/40 om lag sju meter mot nord, dit bygningane faktisk er plassert i Hjellhaugmarka 86.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2.

29.06.2026: FAST UTVAL FOR PLANSAKER

Møtebehandling Vedtak samrøystes

PLA - 042/26 Vedtak:

Stranda kommune gir dispensasjon frå plankravet i føresegn til kommuneplanen sin arealdel pkt. 2.3, for flytting av fritidsbustad og garasje på festepunkt Gbnr. 52/1/40 om lag sju meter mot nord, dit bygningane faktisk er plassert i Hjellhaugmarka 86.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2.

043/26 Camilla Uhlin Husebekk - Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan Ottogrenda hytteområde - Storleik garasje, takvinkel uthus og storleik terrasse

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Stranda kommune avslår søknad om dispensasjon frå reguleringsplan for Ottogrenda hytteområde, for oppføring av garasje med utbygd areal BYA=49 m2 og for oppføring av terrasse på om lag 80 m2 på eigedom Gbnr. 52/490 i Økslevegen 76.
2. Stranda kommune gir dispensasjon frå reguleringsplan for Ottogrenda hytteområde, for oppføring av garasje med utbygd areal BYA=41, og for pulttak med takvinkel på 5° på uthus på eigedom Gbnr 52/490 i Økslevegen 76.

Grunngjeving:

Vilkåra for å gie dispensasjon i plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd er ikkje oppfylt for garasje på 49 m2 og terrasse på om lag 80 m2, jf vurderinga i saksutgreiinga.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2.

29.06.2026: FAST UTVAL FOR PLANSAKER

Møtebehandling
Vedtak samrøystes

PLA - 043/26 Vedtak:

1. Stranda kommune avslår søknad om dispensasjon frå reguleringsplan for Ottogrenda hytteområde, for oppføring av garasje med utbygd areal BYA=49 m2 og for oppføring av terrasse på om lag 80 m2 på eigedom Gbnr. 52/490 i Økslevegen 76.
2. Stranda kommune gir dispensasjon frå reguleringsplan for Ottogrenda hytteområde, for oppføring av garasje med utbygd areal BYA=41, og for pulttak med takvinkel på 5° på uthus på eigedom Gbnr 52/490 i Økslevegen 76.

Grunngjeving:

Vilkåra for å gje dispensasjon i plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd er ikkje oppfylt for garasje på 49 m2 og terrasse på om lag 80 m2, jf vurderinga i saksutgreiinga.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2.

044/26 Roalden hytteområde AS - Dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen - Ny tilkomstveg v/Hjellhaugmarka

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2, gir Stranda kommune dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen sin arealdel for framføring av tilkomstveg på eigedomane på GBN – 52/533/23, 53/386, 52/436 og 52/381, 6200 Stranda.

Vilkår:

- Eksisterande tilkomst via fv.60 skal opphøyre. Vegen skal fysisk fjernast og stellast til med torv. Dokumentasjon på at dette er gjort skal ligge føre seinast ved søknad om ferdigattest.

29.06.2026: FAST UTVAL FOR PLANSAKER

Møtebehandling
Vedtak samrøystes

PLA - 044/26 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2, gir Stranda kommune dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen sin arealdel for framføring av tilkomstveg på eigedomane på GBN – 52/533/23, 53/386, 52/436 og 52/381, 6200 Stranda.

Vilkår:

- Eksisterande tilkomst via fv.60 skal opphøyre. Vegen skal fysisk fjernast og stellast til med torv. Dokumentasjon på at dette er gjort skal ligge føre seinast ved søknad om ferdigattest.

045/26 Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv - Søknad om dispensasjon frå LNF-formål i kommuneplanen - Toalettbygg på Vesterås

Kommunedirektøren si tilråding:

Stranda kommune gir dispensasjon frå LNF-formål i kommuneplanen sin arealdel, for oppføring toalettbygg og avløpstank på eigedom Gbnr. 116/2 på Vesterås i Geiranger.

Vilkår:

- Toalettbygget må plasserast så langt som mogleg mot vest, utan å måtte legge om bekken. Oppdatert situasjonsplan skal ligge føre før løyve til igangsetjing vert gjeve.
- Avløpstanken må ikkje bli plassert innafor registrert naturtype slåttemark.
- Anleggsarbeidet må i hovudsak skje frå oversida. Om det er heilt naudsynt må arbeid frå nedsida skje i tørre vårperiodar. Det må fortrinnsvis bli brukt lette anleggsmaskinar.
- Det må ikkje tilførast jord, kompost eller gjødsling som kan endre næringsstatusen i slåttemarka.
- Skulle noko av arealet med slåttemark bli skada, må det aktuelle arealet restaurerast i etterkant.
- Entreprenør må ha rutinar for handtering av framande artar, inkludert reingjering av maskinar før dei kjem inn i området.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2.

29.06.2026: FAST UTVAL FOR PLANSAKER

Møtebehandling

Vedtak samrøystes

PLA - 045/26 Vedtak:

Stranda kommune gir dispensasjon frå LNF-formål i kommuneplanen sin arealdel, for oppføring toalettbygg og avløpstank på eigedom Gbnr. 116/2 på Vesterås i Geiranger.

Vilkår:

- Toalettbygget må plasserast så langt som mogleg mot vest, utan å måtte legge om bekken. Oppdatert situasjonsplan skal ligge føre før løyve til igangsetjing vert gjeve.
- Avløpstanken må ikkje bli plassert innafor registrert naturtype slåttemark.
- Anleggsarbeidet må i hovudsak skje frå oversida. Om det er heilt naudsynt må arbeid frå nedsida skje i tørre vårperiodar. Det må fortrinnsvis bli brukt lette anleggsmaskinar.
- Det må ikkje tilførast jord, kompost eller gjødsling som kan endre næringsstatusen i slåttemarka.

- Skulle noko av arealet med slåttemark bli skada, må det aktuelle arealet restaurerast i etterkant.
- Entreprenør må ha rutinar for handtering av framande artar, inkludert reingjering av maskinar før dei kjem inn i området.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2.

046/26 Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren si tilråding:

Møteprotokollen frå møtet i PLA 29.06.26 vert godkjent slik den ligg føre.

29.06.2026: FAST UTVAL FOR PLANSAKER

Møtebehandling

Vedtak samrøystes

PLA - 046/26 Vedtak:

Møteprotokollen frå møtet i PLA 29.06.26 vert godkjent slik den ligg føre.